

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har vori med i den 15. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og i den ekstraordinære forsamlinga som drøfta konflikten mellom Frankrike og Tunis. Noreg har òg vori med i fleire andre mellomfolkelege konferansar. Avdelingar av Hæren på om lag 600 mann gjer framleis teneste i den vaktstyrken Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda. I Kongo er det for tida i alt 130 mann militærpersonell med oppdrag for Dei sameinte nasjonane.

Noreg har teki del i arbeidet i Det europeiske frihandelssambandet. Frå 1. juli er dei samla tollreduksjonane mellom medlemslanda 30 prosent.

Noreg har ratifisert avtalen om å skipe eit samband mellom medlemsstatane i Det europeiske frihandelssambandet og Finland. Avtalen tok til å gjelde den 26. juni.

Noreg har ratifisert avtalen om å skipe Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD). Ein reknar med at den nye organisasjonen skal ta til med verksemda si i haust.

For å hjelpe til å få i stand ei internasjonal kvoteordning for kvalfangsten i Antarktis,

har Noreg atter slutta seg til Den internasjonale kvalfangstkonvensjonen frå 1946.

Noreg har teki opp tingingar med ei rekkje land som er tilslutta Generalavtalen om tolltariffar og handel (GATT), med tanke på å få redusert tollsatsane i andre land, og dermed betre vilkåra for norsk eksport.

Gjennomføringa av Traktaten om Det europeiske økonomiske fellesskapet fører med seg nye handelsskrankar for Noreg for ei rekkje av utførslevarane våre. Innanfor ramma av Generalavtalen har det vori ført tingingar med Kommisjonen i Fellesskapet om dei norske interessene og rettane som det her gjeld. Desse tingingane har førebels ikkje ført til nokon avtale, med di det ikkje er tilbodi Noreg fullnøyande motytingar ved reduksjon av tollsatsane for andre varer.

Det har vori tingingar med Storbritannia, Vest-Tyskland, Danmark, Sverige og Polen om dei spørsmål som reiser seg i samband med at fiskegrensa blir utvida til 12 mil. Den 17. november i fjor vart det gjort ein avtale mellom Noreg og Storbritannia om overgangsrettane for britiske fiskefarty i sona mellom 6 og 12 mil fram til 31. oktober 1970.

Stortinget gav 10. juni sitt samtykke til å ratifisere kulturavtalen mellom Noreg og India frå 19. april. Ratifikasjonsdokumenta vart utveksla 8. august, og dermed tok avtalen til å gjelde.

I Forsvaret er det gjennomført tiltak som på kort tid kan hjelpe til å styrkje verne-

buinga. Det er sett i verk ei mellombels nyordning av kommandotilhøva i den øvste militære leiinga i Forsvaret.

Luftforsvaret har teki til å skifte ut Catalina-flya sine med nye moderne sjøfly.

Folkemengda var 3 620 000 pr. 1. oktober 1961, dvs. snautt 1 prosent større enn på same tid i fjor.

Utviklinga på arbeidsmarknaden har vori bra i 1961. Ved utgangen av august månad var det sysselsett 18 400 fleire lønns-takarar enn eit år tidlegare. Sysselsetjinga har auka i industri, varehandel, sjøtransport og offentleg og privat tenesteyting. Nedgangen i sysselsetjinga har haldi fram i jordbruk og lønt husarbeid. Talet på arbeidslause har vori lågare enn på mange år. I slutten av august var det meldt 4 600 arbeidslause, 2 200 færre enn på same tid i fjor. Arbeidsformidlinga i dei tre nordlegaste fylka og i Bergen med dei nærmaste distrikta vart overteken av staten frå 1. juli.

Så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga, vil den samla produksjonen av varer og tenester i år bli 4—5 prosent større enn i 1960.

Oppgåvene over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei 8 første månadene av 1961 kom opp i 6,2 milliardar kr., eller vel 500 millionar kr. meir enn i same tidsrom i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var på vel 4 milliardar kr., eller vel 100 millionar kr. meir enn i dei same månadene i fjor. Både for innførsla og utførsla kjem auken i verde av auke i varemengda, for prisane har gått ned. Nettoinnførsla av skip auka med 468 mill. i månadene januar—juli jamført med same tid i 1960.

Dei 7 første månadene i året var nettovalutainntektene av norske skip i utanriksfart 1 830 mill. kroner, eller om lag det same som i tida januar—juli 1960. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 1 220 mill. kr., dvs. 911 mill. kr. meir enn i

dei 7 første månadene av 1960. Valutamengda auka i same tidsrommet med 66 mill. kroner.

For jordbruket var det i år gode vokstervilkår og store avlingar. Det vart lite frukt, men elles gode avlingar i hagebruket òg. Husdyrproduksjonen vil i alt bli om lag like stor som i 1960.

I skogbruket vart det i hogsttida 1960—61 etter eit førebels overslag avverka om lag 7,3 mill. kbm bartretømmer til sal. Dette er 100 000 kbm meir enn i same tid 1959—60.

Totalfangsten i fisket var i første halvåret om lag 728 000 mot 792 000 tonn i same tidsrommet i fjor. Tilbakegangen kjem først og fremst av at resultatet av vintersildfisket var berre 69 000 tonn mot 300 000 tonn i 1960. Fisket etter lodde gav rekordfangst, og loddetorskfisket synte òg auke. Til slutten av august hadde elles bl. a. feitsild- og småsildfisket, fabrikkfisket ved Island, pigghå- og størjefisket gjevi betre fangstresultat enn i fjor.

Kvalfangsten i Antarktisk gav i fangstbolken 1960—61 eit noko større utbytte enn i førre fangstbolken. Produksjonen av kval- og spermolje gjekk opp med om lag 13 prosent.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei 7 første månadene av året 6,5 prosent større enn i same tidsrommet i 1960 og 16 prosent større enn i same tidsrommet i 1959. Nokre industriar vart råka av streik i samband med tariffoppgjeret i vårmånadene. Produksjonsauken frå 1960 var størst i heimeindustrien med 7,4 prosent. For utførsleindustrien var stigninga 3,9 prosent. I heimeindustrien var produksjonsauken særleg sterk for gruppa mineraloljeforedling. Også i sjokolade- og dropsfabrikkane var det ei svært sterk produksjonsstigning. I utførsleindustrien var auken størst for sildolje- og fiskemjølffabrikkar, kunstgjødsselfabrikkar og ferrolegeringsverk.

Elektrisitetsproduksjonen var i dei 7 første månadene av året 6 prosent større enn i same tidsrommet i fjor.

Byggjeverksemda har vori noko større enn i 1960. Mengda av igangsette bygg var i dei 7 første månadene 13 prosent større enn i same tid i fjor. Det vart teki i bruk bygg med eit samla flateinnhald som var 14 prosent større enn året før. Talet på ferdigbygde husvære var 14 800 eller 1 000 fleire enn i tilsvarende periode i fjor. I anleggsværksemda var sysselsetjinga i dei 7 første månadene av året jamt over 2 prosent lågare enn i same tid i fjor.

Handelsflåten auka med 0.5 mill. bruttotonn i første halvåret, og var pr. 30. juni på 11,4 mill. bruttotonn. Vel halvparten av tilgangen var tanktonnasje.

Pr. 30. juni var det under bygging eller tinga for norsk rekning skip på i alt 3,8 mill. bruttotonn, dvs. noko meir enn på same tidspunktet året før. Fraktene for tørrlastskip har vori noko betre i første halvåret jamført med året før, men fraktene for tankskip har gått enda noko ned. Pr. 31. august låg norske skip på i alt 0,5 mill. bruttotonn i opplag, for det meste tankskip.

Den innanlandske samferdsla har stort sett auka i år òg. Biltrafikken har stigi særleg sterkt etter at salet av personbilar vart fritt 1. oktober 1960. I tida januar—juli vart det registrert 47 000 nye bilar mot 26 000 i same tid året før. Ved utgangen av 1960 var det 340 000 bilar i landet. Lengda av det offentlege vegnettet var 52 000 km. Jernbanestrekninga Oslo — Roa — Hønefoss og Roa — Jaren vart opna for elektrisk drift 1. februar. Nettotilgangen av telefonapparat ved anlegga til Telegrafverket var (bortsett frå apparat som er overtekne ved tilknytingsnett og private selskap) 29 500 i tida 1. juli 1960 til 30. juni 1961 mot 28 000 i førre perioden.

Talet på innanlandske flypassasjerar auka i tida januar—juli i år med 11 prosent jamført med same perioden i fjor, medan talet

på jernbanepassasjerar gjekk ned med 5 prosent. Godstransporten med jernbana synte ein liten auke. I dei sju første månadene vitja 16 prosent fleire utanlandske motorkøyrety Noreg enn i same tid i 1960, og ein reknar med at talet på utanlandske turistar auka om lag tilsvarende.

Konsumprisindeksen for dei 8 første månadene av året låg jamt over 1,8 prosent høgre enn i same tid i fjor. Indekstalet for august var 3,4 prosent høgre enn i same månad 1960. Engrosprisindeksen har haldi seg så godt som uendra også det siste året.

Når det gjeld utviklinga i dei private inntektene, har ein enno lite å halde seg til. Førebels overslag tyder på at dei samla inntektene til lønnstakarane auka med om lag 8 prosent frå første halvåret 1960 til første halvåret 1961, og at den realinntekta som stod til rådvelde for lønnstakarane steig med om lag 5 prosent.

Det private forbruket i første halvår ser etter førebels oppgaver ut til å ha vori om lag 7 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Ser ein bort frå auken i kjøp av motorkøyrety, auka forbruket med om lag 5 prosent.

Bruttoinvesteringa i fast kapital har vori større enn i 1960. Investeringane i skip auka med 24 prosent frå første halvår i fjor til første halvår i år, medan investeringane i anna transportmateriell, maskinar og utstyr gjekk opp med 7 prosent.

Kredittpolitikken har også i år bygd på avtalar med bankane og livstrygdelaga om utlånsværksemda deira og om kjøp av stats- og statsgaranterte obligasjonar. Bankane auka utlåna sine i dei 7 første månadene med bortimot 400 mill. kr. jamført med same tid i 1960. Ikring 300 mill. kr. av denne summen var auka utlån frå forretningsbankane. Etter kvart som tendensane til press på økonomien vart merkande på arbeidsmarknaden og i utanriksøkonomien, er avtalane vorti noko skjerpa.

Finanspolitikken har stort sett følgd dei same retningslinene som i 1960. Den likviditetsreduserande verknaden av statens transaksjonar i dei 8 første månadene av året var om lag den same i begge åra. I denne perioden tok staten opp nye innanlandske statslån for vel 564 mill. kr. mot for 368 mill. kr. i fjor.

Den finansielle stoda til kommunane er framleis god, og låneopptaka ligg stort sett på same nivå som i fjor. Det er gjevi tilsegn om tilskott for 110 mill. kr. til kommunal skatteutjamning for budsjettåret 1962. Det er auka trong til stønad av skatteutjammingsmidlar, særleg som ei følgd av endring i skattetabellsystemet.

Alkoholforbruket har framleis stigi litt, men talet på drukkenskapsmiferder syner nokon nedgang.

Ytingane etter lov om alderstrygd og lov om uføretrygd er auka med verknad frå 1. april.

Det har i året ikkje gått nokon alvorleg farang av farlege, smittsame sjukdomar. Ulykker spelar ei stendig større rolle som dødsårsak, særleg mellom barn. Talet på dødsfall i spebarnsalderen går framleis ned, særleg i Nord-Noreg. For tida har Noreg den høgste levealderen i verda.

Det er i år teki i bruk 560 nye sengeplassar i vanlege sjukehus. Talet på nye plassar i sinnsjukehus har auka med 800 og i åndsveikeheimar med 400.

Utbygginga av heimesjukepleia har haldi fram i samsvar med retningslinene for husmorvikarverksemd og heimesjukepleie. 477 heimesjukepleiarar er no med under tilskottsordninga.

I kyrkja er det no 992 prestestillingar. Noregs første kvinnelege prest vart utnemnd i år. Det er i år gjevi løyve til å byggje 9 kyrkjer og kapell.

I skoleåret 1961—62 er 59 kommunar i gang med å gjennomføre 9-årig einskapskole.

Det er i gang 75 folkehøgskolar med stats-tilskott, og talet på elevar ved hovudkurser er om lag 5 100.

I yrkesskoleverket har det vori eit godt arbeidsår. Fleire nye skolar er tekne i bruk, og mange av dei gamle skolane er utvida. Talet på heilårselevar ved ordinære kurs i verkstadskolane har auka med om lag 1 000. Til omfram yrkesopplæring blir det i år nytta over 8 mill. kr. av statsmidlar. Det er i gang byggjearbeid ved dei tekniske skolane i Trondheim, Bergen og Stavanger.

Lærlingelova har teki til å gjelde for handel- og kontorarbeid frå 1. januar for kjøpstadene og Volda kommune. Det er i gang 115 lærlingklassar for handel og kontorarbeid i 26 kommunar.

Ved lærarskolane vart det i vår uteksaminert 1 433 og det vart teki opp 1 693 nye elevar.

Talet på eksaminandar til examen artium stig sterkt, og i år melde det seg om lag 6 900 til denne eksamen.

Studenttalet ved universiteta og høgskolane auka siste året med 1 000 til om lag 9 800.

Velferdsbygget ved Universitetet i Oslo er no ferdig og i drift. Delar av nybygget for Det historisk-filosofiske fakultet vil bli tekne i bruk utover hausten og vinteren. I Bergen er bygget for universitetsbiblioteket no ferdig.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. juli 1961 i alt 42 500 låntakarar. Lånesummen var 244 mill. kr., ein auke frå i fjor på over 52 mill. kr.

Fjernsynet har no ei sendetid på over 9 timar for veka. Sendingane dekkjer meste-

parten av søre delen av Austlandet og området omkring Bergen.

På det kulturelle området har det vori gjort eit godt arbeid, med eit høgt tal teaterframsyningar og turnéar, opera- og ballett-

framsyningar. Arbeidet med kunstutstillingar, kulturkveldar, framsyning av opplysningsfilmar og anna filmverksemd er i vokster. Det frivillige kultur- og opplysningsarbeidet og sameleis ungdoms- og idrettsarbeidet er òg i framgang.

Gjevi på Oslo slott 6. oktober 1961.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

E. G. Asbjørnsen
kst.
